



Røsland – her framfor Vertshuset ved overtakinga i fjor - tente mest i Kvinnherad i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

To uskedelinger hadde den høgste skattbare inntekta i Kvinnherad i fjor, melder Kvinnheringen.

23-åringen Røsland toppar lista med ei inntekt på 5 203 359 medan Trond Myklebust hadde 4 741 442 i inntekt. Dei driv begge i eigedomsbransjen.

Røsland har særleg gjort det godt innanfor eigendomsutvikling i Bergen. Selskapet hans, Verdiutvikling, omsette i 2005 for 19,2 millionar.

Sommaren 2006 kjøpte han Vertshuset og har no rehabilitert det.

Myklebust er oppført med ein formue på 4.918.635 kroner og ein skatt på 1.451.877 for 2006. Røsland har 0 i formue, men skal betala 1.507.920 kroner i skatt.